

## Beskriv ein familie

### Elev A

De skal først arbeide to og to. Så skal de arbeide saman med eit anna par.

Les teksten din mange gonger. Du skal kunne beskrive familien til denne personen for klassekameraten din.

Når kameraten din beskriv familien til sin person, skal du notere. Du skal så beskrive den personen for dei andre i gruppa.

Eg heiter Abdi, og eg bur i Oslo. Eg er 15 år. Mora mi heiter Fadumo, og faren min heiter Ali. Eg har to søstrer. Storesøstera mi heiter Sumeya, ho er 17 år, og veslesøstera mi heiter Amina, ho er 10 år. Eg har også ein veslebror. Han heiter Ahmed og er 12 år.



### Elev B

De skal først arbeide to og to. Så skal de arbeide saman med eit anna par.

Les teksten din mange gonger. Du skal kunne beskrive familien til denne personen for klassekameraten din.

Når kameraten din beskriv familien til sin person, skal du notere. Du skal så beskrive den personen for dei andre i gruppa.

Eg heiter Silje, og eg er 16 år. Eg har ein storebror. Han heiter Filip og er 20 år. Mora mi heiter Gunn. Eg og mamma bur i Tromsø. Filip bur ikkje saman med oss, han bur i Harstad. Faren min heiter Mats. Han bur i Kristiansund. Foreldra mine er skilt.